



Årets digitale satsing

HALLINGDØLEN

Det krev mot å skru om produksjonen for å satse tungt på lyd. Og når Hallingdølen gjer noko, gjer dei det skikkeleg.

Med nykomponert studio og podkasten «Røynda» tok Hallingdølen i 2023 steget inn i Eliteserien blant podkastane. Dei bruker eit digitalt verktøy til fingerspissane og med kvalitet i gjennomføringa.

Historia om trippeldrapet på Geilo ligg langt tilbake i tid, men avisa aktualiserer historia igjen tjue år etter, med ei svært godt fortald historie i fem episodar der dei har fått med overlevande og pårørende – både til offera og til drapsmannen.

Då Olav Thon fylte 100 år, publiserte dei spesialepisoden «Hotellkongen og den vesle bygda», som og var knytt til eit åtte siders eventyr på papir og nett. Hallingdølen tok steget, og lykkast. Det er vanskeleg ikkje å gje Hallingdølen prisen, for dei representerer kvalitet i alle ledd.

Hallingdølen er vinnar av prisen for årets digitale satsing i LLA for 2023.

Juryen, Hamar 16. mars 2024

Eirin Larsen

Nicolai Delebekk

Henrik B. Vold